



Dato: 18.12.2024

Referat frå SU møte på Hognestad skule 27.11.24.

Tilstades:

Kristian Hognestad, leiar FAU
Ingrid Underhaug Nielsen, FAU
Kjetil Hustoft, politikar
Jonas Lomeland, nestleiar elevrådet
Jens Garborg Horpestad, elev
Hanna Aase Undheim, tilsett
Kristin Sando, tilsett
Ingveig Nærland Ødegård, rektor

Fråvær:

Lilja Garborg Horpestad, elevrådsleiar

Sak 7. Rette datoar for SU dette skuleåret er:

- o Onsdag 27.11.24 kl 19:30-20:30
- o Tysdag 11.02.25 kl 19:30-20:30
- o Tysdag 29.04.25 kl 19:30-20:30 NB! Vert endra til 23.04.25 kl. 19:00-20:00

Sak 8. Høyring skuleruta

Vart sendt ut på mail i forkant; Ingen innvendingar frå SU. Høyringssvar er allereie sendt inn.

Sak 9. Trafikksikring kryss - status

Rektor har sendt mail 24.10.24 til Årne Skrettingland om at det er har sidan oppstart i august vore tre nestenulykker i krysset Hognestadvegen/Grødemsvegen. Alle gjeld elevar på skulen. Tilbakemelding var at Skrettingland vil ta det opp med fylket, og vil forsøka og få pengar til trafikksikring på det utsette punktet. (Krysset er mellom fylkesveg og kommunal veg). Det er sendt inn teikningar og beskriving om kva som treng gjerast for å sikra krysset. Rektor vil følge opp saka vidare.

Rektor informerer om at det er vidaresendt informasjon frå politiet om trimma el-syklar, til alle foreldra.

Sak 10. Kort orientering om elevundersøkinga og nasjonale prøvar

5. trinn har hatt nasjonale prøvar i haust, men skulen kan ikkje seia korleis tala ser ut, sidan me er så få i klassane. Dei foreløpige tala visar litt utfordringar med konsentrasjon og språkleg forståing, gjeld i både lesing/norsk, engelsk og matematikk. Skulen vil arbeida meir med skrivning,

uthaldenheit og konsentrasjon. Me trur at den systematikken me arbeidar med i 1.-4.klasse vil visa godt igjen, der dei arbeidar med mykje lesetrening og skriving. Dei foreløpige tala viser at dei som går i 8.klasse no har gjort det godt i nasjonale prøvar i engelsk, det er gledeleg, for det er eit av skulen sine satsingsområder.

Elevundersøkinga er nettopp gjennomført, resultatata vil me ta opp i neste SU-møte.

Elevundersøkinga gjev viktige peikepinnar ifht motivasjon, mobbing og trivsel. Kommunen har elles bestemt at dei vil gå vekk i frå foreldreundersøkinga som har vore gjennomført dei siste åra.

Sak 11. Høyring kringsgrenser.

Dette har vore arbeidd med i lengre tid på skulen i høve til at kommunen har bestemt at det no skal verta faste kringsgrenser. Problemstillinga har eigentleg handla mest om overgangen frå barneskule til ungdomsskule, der det har vore mykje fram og tilbake og elevar har vald fleire gonger alt etter kvar venene skal gå. FAU har foreslått å endra litt på forslaget til administrasjonen, slik at kringsgrensa går med Brøytvegen og at Austre og Vestre ring fortset å høyra til Bryne skulekrins. Dette har dei òg skrive lesarinnlegg om i Jærbladet. Elevrådet støttar FAU sitt forslag. I høve til overgang til faste kringsgrenser var elevrådet tydelege på at dersom dei har byrja på ein skule skal dei få fortsetja på den ut barneskulen evt ungdomsskulen for dei det gjeld på Norheimsfeltet.

Kristian har undersøkt og fann ut at elevar på det nye Stemmenmarka-feltet har òg krav på skuleskyss i 1.klasse, då vegen er rett over 2km.

Saka skal opp i kommunestyret 19.02.25 for endeleg avgjersle. Sak i levekår før den tid, når høyringane er kome inn og administrasjonen har sett på saka.

SU meiner:

- SU vil støtta alternativ 2, men med same endringane som FAU og elevrådet har anbefalt; at grunnkrins-grensa vert sett med Brøyt vegen, men med modifikasjonen; Austre og Vestre ring fortset i Bryne grunnkrins.
- Overgangen til nye skulekrinsar; elevane får fortsetja på den skulen dei har byrja på ut 7. klasse, eller ut ungdomsskulen. (Dei som har søkt om å få gå til anna skulekrins skal få fullføra der dei har byrja, gjeld og sysken)
- Ungdomsskule skulekrinsar; Norheimsfeltet. Dei som bur i det gjeldande området bør få uttala seg og vektleggast. Bør Norheimsfeltet delast i to grunnkrinsar ved bekken? Vil gjera det enklare for administrasjonen å gjera justeringar seinare, dersom ein av skulane vert fulle.

Sak 12. Eventuelt

- Vedlikehald av skulen (maling) o.l. Det fins midlar, men me får ikkje vita prioriteringane. Me må fortsetja og rapportera og etterspør, så skjer ting etterkvart.

Referent

Kristin Sando